

Føremål med programmet

- KKB ønsker å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som siktemål.
- Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Velkomen til eit nytt og sommarfriskt kulturbeite – vår tiande sesong! Jubileumsprogrammet 2009 har ein ung profil. Her kan nemnast det åttemannssterke tangobandet Tangueros del Norte, og artisten Hilde Louise Asbjørnsen – musikalsk mangfald på internasjonalt nivå.

Tradisjonen tru følger KKB også i år opp med ein urpremiere - eit portrett av salmediktaren Niels Olsen Svee (1758–1789), landsdelen sin første «rikskjendis». Møt eit ensemble med både skodespelar og musikarar, fronta av Sondre Bratland og Randi Lundemo. Årets kunstutstilling byr på grafikk av velrenommerte Ørnulf Opdahl.

Med desse smakebitane stadfestar KKB sitt varemerke; *møtepunkt mellom musikk, ord og bilete*.

Leiaren av fylkeskulturutvalet, Rigmor Andersen Eide, opna festivalen sist sesong. Ho oppsummerte KKB-historia slik:

- De har gjennom ni år lykkast i å etablere ein kulturarena som både er nyskapande, prega av urframføringar, og som bind saman fortid og notid.

Det er duka for nye sterke opplevingar!

Helsing styret

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på forestilling, namnet ditt og talet på billetter.

E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no

Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

Nu nattens mørk forsvinder...

– eit portrett av Niels Olsen Svee (1758–1789)



Sondre Bratland og
Randi Lundemo – song,
Bergmund Skaslien -
bratsj/elektronikk,
Andreas Aase - gitarar/
mandolin og
Odd Johan Overøye –
tangentar
Trond-Ove Skrødal –
skodespelar
Olav Mosdøl – manus



Niels Olsen Svee blir omtalt som "Vestlandets Petter Dass". Strandaren som gjorde stordaling av seg i 1789, var ein markant person i Storfjordbygdene – både som lærar, kjøke-meister, handelsmann og bonde. Men det er som diktar han har skrive seg inn i historiebøkene. Svee var den første salmediktaren frå bondemiljø her i landet som vart viden kjent. Han må ha hatt omfattande bokleg kunnskap og ei sjeldan lyrisk gåve. Vise- og salmeboka "Christelig Tidsfordriv" kom i heile 22 opplag og vart også utgitt i Amerika.

I frodig Petter Dass-stil finn vi her tekstar fulle av glede og livslyst i eit rikt biletspråk – noko som gjorde Svee folkekjær over heile landet. Det finst meir enn 500 folketonar til dei 64 kjende tekstane hans. Nokre av dei vakraste blir å høyre ved konserten i Rosekyrkja denne kvelden.

Sondre Bratland har gjennom meir enn 600 konsertar og talrike CD-innspelningar sprengt grenser mellom ulike musikk-sjangrar og gjort folkemusikken til allemannseige. Saman med seg har han kvedaren Randi Lundemo, skodespelaren Trond-Ove Skrødal, og eit band med ei rekkje markante musikarar frå folkemusikk- og improvisasjonssena.

Produksjonen er støtta av Norsk Kulturråd.

ROSEKYRKJA TYSDAG 30. JUNI KL 19.30

Støtte frå offentlege instansar:



Hovudsponsor 2009:



Stordal Regnskap AS



KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL



Alt eg såg

Sigvart Dagsland - song, Torjus Vierli - piano
ROSEKYRKJA TYSDAG 23. JUNI KL 20.00



På sjølvaste jonsokkvelden opnar Kyrkjehola Kulturbeite jubileumssesongen med eit møte med Sigvart Dagsland. Han er ein av våre sterke formidlarar og han fornyar salmetradisjonen på ein uforgløyemeleg måte. I tillegg har han også vunne Spelemannsprisen i popklassa. Dagsland vart tildelt Prøysenprisen i 2008, og kvar ny Dagsland-plate sel i gjennomsnitt til gull. Etter fleire år med ulike samarbeidspartnarar, er han no tilbake hos Erik Hillestad og Kirkelig Kulturverksted. Bli med på eit møte med Dagsland på sitt beste - ein behageleg neddempa versjon, med sterke songar, ettertenksame tekstar, eit enkelt komp som understrekar musikken, lekre detaljar og ein vokalist med full kontroll over stemma.



Tangofeber

- arven etter Piazzolla
Tangueros del Norte

ROSEKYRKJA LAURDAG 11. JULI KL 19.30



Tangueros del Norte er eit "orquesta típica" som med stor entusiasme og respekt formidlar argentinsk tangomusikk. Åtte personer i alderen 16–27 år, utspring i Trondheim - no bussett rundt om i heile Europa. I løpet fem år har Tangueros del Norte deltatt på ei mengde konsertar og festivalar rundt om i Norge, og turnert i Argentina, Danmark og Tyskland. Orkesteret spelar musikk som er meir å lytte til enn å danse til. Dette er ekstraordinært talentfulle musikarar som vi kjem til å høyre meir om - det er neppe mange orkester i denne sjangeren på tilsvarande nivå i verda i dag. Ikkje i sjølve Argentina ein gong... Gjer deg klar for heite kjensler i Rosekyrkja!



Ein haltande sommarvals

Hilde Louise Asbjørnsen & Trio

ROSEKYRKJA FREDAG 24. JULI KL 19.30



Sykkylvsjenta Hilde Louise Asbjørnsen er kjent som kabaretartist og entertainer i duoen Asbjørnsen og Joh, men har dei siste åra også gitt ut fleire jazzplater med sjølvskrivne låtar – eit skikkeleg multitalent med andre ord. I fjor haust kom den fjerde CD-en, "Sound Your Horn", og denne viser at Hilde Louise kanskje går mot eit litt meir popprega og lettare tilgjengeleg jazzuttrykk. Musikken kan skildrast som ein cocktail av jazz, pop og kabaret. Det er leikent, sårt og tøft på same tid. Jazzsongarinna, låtskrivaren og kabaretartisten har blitt ei erfaren diva på scenen. Det blir med andre ord ein spennande kveld i Rosekyrkja!



I gledens tid og sorgens time

Musikk gjennom tusen år

Tone Hulbækmo; song, harpe, lyre og trøorgel
Hans Fredrik Jacobsen; fløyter, lutt, toradar, gitar
ROSEKYRKJA TYSDAG 28. JULI KL 19.30



Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen inviterer til ein stemningsfull og varm konsert i Rosekyrkja. Her møter vi eit musikalsk spenn på opp mot tusen år. Både instrumentutval og repertoar borgar for stor variasjon og spennvidde: Frå middelalderen sine vakre Mariasongar, pilegrimsmusikk, nydelege religiøse folketonar og sterke balladar frå middelalderen, via sprelske bruremarsjar, himmelsk harpeklang, trillande fløytesprell og frydefulle salmar i totakt og valsetakt - til visdomsord og viser frå vår eigen tid. Dei vil også framføre songar og musikk som spesielt knyter seg til olsok og dyrkinga av Heilag Olav. I tillegg har desse to musikarane ei frisk og uhøgtideleg presentasjonsform og er svært samspelte etter mange år med konsertar i inn- og utland.



Perledryss

- frå Nordahl Rolfsen si lesebok

Opplesing av Gøril Haukebø og song av Inger Lise Kalland
LØSETSTOVA FREDAG 3. JULI KL 19.30

Nordahl Rolfsen si lesebok har sett spor etter seg hos fleire generasjonar nordmenn. Det blir sagt at nest etter Bibelen har inga bok vunne så stor lesekrins som nettopp denne boka. Ein vesentleg del av Kyrkjehola Kulturbeite sitt mest trufaste publikum tilhører den generasjonen nordmenn som minnest denne klassiske leseboka med stor glede. Vi ynskjer å glede publikum med eit eigenprodusert program med tekstar frå desse lesebøkene. Skodespelar Gøril Haukebø frå Teateret Vårt vil lese utdrag frå nokre av dei kjende tekstane og talentfulle Inger Lise Kalland vil syngje vakre songar frå leseboka. Få med deg denne koselege og litt nostalgiske stunda i Løsetstova.



Hverdagens vakkerhet

Karsten Isachsen

ROSEKYRKJA FREDAG 17. JULI KL 19.30

Karsten Isachsen er ei legende i den norske foredragsmarknaden og har no passert 4000 seminar og forestillingar i kulturhus, teater og kyrkjer. Isachsen sin filosofi er at humor opnar meir enn latterdøra: Den som får menneske til å le, får også menneske til å lytte! Foredraga hans handlar på ulikt vis alltid om å auke vanlege menneske si livsglede og arbeidsglede. Isachsen har omlag 30 års fartstid som prest i Den norske kyrkja, men sidan 1985 har han hovudsakleg arbeidd som forfattar og forelesar i eigen regi. I desse åra har han vore på dei fleste plassar i Norge der det bur folk, og no er det altså Stordal og Kyrkjehola sin tur.



Lys langs fjorden

Kunstutstilling v/Ørnulf Opdahl
LØSETSTOVA OG PRESTESTOVA
Opning: tysdag 28. juli kl. 18.30
Siste dag: søndag 9. august

Ørnulf Opdahl er ein av dei fremste og mest kjende biletkunstnarane i Norge. Gjennom dei siste 30 åra har han utvikla og reindyrka ei naturlyrisk uttrykksform. Bileta skildrar det dramatiske i naturen, melankolien og roa, lyset og mørket og dei brå skifta mellom storm og stille. Dette gir kunstnaren ein særprega identitet.

Opdahl sine verk seier noko om det å bu ved havet og å leve i det vestlandske fjordriket der storhavet møter land og fjell. Kanskje er det gjenkjenninga i dette som gjer at så mange av oss er glad i Opdahl sin kunst. Vi gler oss over å kunne presentere ein av våre aller største samtidskunstnarar som utstillar i jubileumsåret.



Kvardagsglimt

- historier frå Noreg

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn
LØSETSTOVA SØNDAG 9. AUGUST KL 18.00

Vi avsluttar sesongen med Audhild Gregoriusdotter Rotevatn frå Volda. Ho er kjend som programleiar, journalist og redaktør i ei årrekke, mellom anna i NRK og Kanal 24. Audhild har vunne fleire språkprisar, mellom dei Kringkastingsprisen. Ho er fast spaltist i fleire publikasjonar, og fleire av tekstane hennar er plukka ut til lærebøker i norsk.

I dag jobbar Audhild som kommunikasjonsrådgjevar i I&M Kommunikasjon i Ålesund. Gjennom arbeid med prosjektet; Barnas kommune, kjenner ho også Stordal ganske godt. Det blir garantert stemningsfullt i Løsetstova denne kvelden, når Audhild les eit utval av sine kvardagsglimt – på nynorsk, naturlegvis!

